



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Finansministeren

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret

0026 Oslo

Deres ref

Vår ref
19/1397 -

Dato
27.03.2019

Spørsmål 1303 til skriftleg svar - vekst i inntekta til hushalda etter skatt

Eg viser til brev av 25. mars 2019 frå Stortinget si president vedlagt følgjande spørsmål frå Stortingsrepresentant Ingrid Heggø til skriftleg svar:

«Korleis er veksten i husholdningane si inntekt etter skatt per forbrukareinheit fordelt på desiler frå 2013 til i dag i Sogn og Fjordane fylke?»

Begrunnelse:

Meld. St. 12 (2018-12019) viser at skildnadane aukar i Noreg. Utviklinga i husholdningane si inntekt etter skatt per forbrukseinheit er spesielt slåande. Dei 30 % med lågast inntekt har lågare inntekt i 2017 enn i 2013. Inntektsnedgangen for dei ti prosentane med lågast inntekt er på -1,3 %. Samtidig dreg dei rikaste i frå, med ei auke på 5,6 % i same periode.

Svar:

Det finst ikkje offentleg statistikk for utviklinga i inntekta til hushalda etter skatt per forbrukseining fordelt på desiler frå 2013 til i dag for dei enkelte fylka. Tabell 09557 i Statistikkbanken viser likevel tal for utviklinga i inntekta per forbrukseining akkurat i overgangen frå ei desilgruppe til den neste, der befolkninga er delt inn i ti like store grupper etter storleiken på inntekta. Tabell 1 nedanfor viser utviklinga i inntektene i overgangen mellom desilgruppene (P10-P90) i perioden 2013-2017 for Sogn og Fjordane fylke. 10 pst. av befolkninga vil ha ei inntekt etter skatt per forbrukseining som er lågare enn verdien representert ved P10. Tilsvarende vil 90 pst. av befolkninga ha ei inntekt som er lågare enn verdien representert ved P90.

Tabell 1 Utvikling i grenseverdier (persentilar) for personar. Inntekt etter skatt per forbrukseining i nominelle kroner. Sogn og Fjordane. 2013-2017

	2013	2014	2015	2016	2017
P10	207 000	213 000	219 000	219 000	224 000
P20	250 000	258 000	263 000	266 000	274 000
P30	281 000	289 000	297 000	302 000	311 000
P40	307 000	318 000	326 000	332 000	342 000
P50	333 000	345 000	354 000	361 000	372 000
P60	360 000	374 000	384 000	391 000	403 000
P70	392 000	407 000	421 000	427 000	440 000
P80	434 000	451 000	468 000	475 000	489 000
P90	500 000	525 000	546 000	554 000	571 000

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Med hilsen

Siv Jensen